



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
72/2021	Kommunestyret	PS	15.06.2021

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Tore Henrik Øye	FA-S11	19/1038

### UTTALE TIL REGIONAL PLAN FOR VASSFORVALTNING I VESTLAND VASSREGION 2022 - 2027

#### Vedlegg:

Regional plan for vassforvaltning for Vestland vassregion 2022-2027 - Høyringsutgåve (2)

Handlingsprogram for Vestland vassregion 2022-2027 - Høyringsutgåve (1)

Tiltaksprogram for Vestland vassregion 2022-2027 - Høyringsutgåve (1)

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Kommunestyret i Vaksdal kommune sluttar seg til måla og strategiane i Vestland fylkeskommune sin vassforvaltningsplan, som grunnlag for å sikre ei felles, berekraftig forvaltning og bruk av vassressursane på tvers av sektormynde.

Kommunestyret i Vaksdal er samd i målet om å betre miljøforholda i regulerte vassdrag. Kommunen har kravd revisjon av konsesjonsvilkåra for Eksingedalsvassdraget og Bergsdalsvassdraget. For Vaksdal kommune er det naturleg å sjå regional plan for vassforvaltning i samanheng med dei pågåande revisjonane. Nye konsesjonsvilkår og tiltak vert tatt med i vassforvaltningsarbeidet.

Framstillinga av prioriterte tiltak i Vaksdal kommune i «Vann-nett» for 2022-2027, er i samsvar med tiltak som kommunen har meldt inn.

#### Kommunestyret - Sak 72/2021

#### KOM - Behandling:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### KOM - Tilråding/Vedtak:

Kommunestyret i Vaksdal kommune sluttar seg til måla og strategiane i Vestland fylkeskommune sin vassforvaltningsplan, som grunnlag for å sikre ei felles, berekraftig forvaltning og bruk av

vassressursane på tvers av sektormynde.

Kommunestyret i Vaksdal er samd i målet om å betre miljøforholda i regulerte vassdrag. Kommunen har kravd revisjon av konsesjonsvilkåra for Eksingedalsvassdraget og Bergsdalsvassdraget. For Vaksdal kommune er det naturleg å sjå regional plan for vassforvaltning i samanheng med dei pågåande revisjonane. Nye konsesjonsvilkår og tiltak vert tatt med i vassforvaltningsarbeidet.

Framstillinga av prioriterte tiltak i Vaksdal kommune i «Vann-nett» for 2022-2027, er i samsvar med tiltak som kommunen har meldt inn.

## **Saksopplysningar**

### **Samandrag/konklusjon (kort om saka)**

Vestland fylkeskommune har sendt ut framlegg til «Regional plan for vassforvaltning for Vestlandet vassregion for 2022-2027» på offentlig høyring, med tiltaks- og handlingsprogram. Høyringsfristen er sett til 30. juni 2021.

Formannskapet i Vaksdal kommune har vedteke at administrasjonen i Vaksdal kommune skal utarbeide framlegg til høyring for handsaming i kommunestyret.

### **Bakgrunn for saka**

Vaksdal kommune har motteke framlegg til plan for vassforvaltning for Vestland vassregion 2022-2027 til uttale. Uttalen skal sendast til Vestland fylkeskommune innan 30. juni.

### **UTGANGSPUNKT OG FØREMÅL:**

Planen tek utgangspunkt i Noreg sin inkludering av EU sitt vassdirektiv i den nasjonale vassforvaltninga, konkretisert gjennom «Forskrift om rammer for vannforvaltningen» («vassforskrifta»). Føremålet med den regionale planen for Vestland, er å gje ein oversiktleg framstilling og omtale av korleis fylket ønskjer å forvalte vassmiljøet og vassressursane i regionen, på lang sikt, og i alle sektorar, nasjonalt, regionalt og lokalt.

### **HOVUDMÅL :**

Planen skal medverke til at fylket og kommunane når måla som følgjer av vassforskrifta, gjennom fastsetjing av miljømål for alt vatn; elvar, bekkar, innsjøar, grunnvatn og kystvatn. I dette høvet skal det prioriterast tiltak som hevar og sikrar vasskvaliteten for vassførekomstane til minst «*god tilstand*».

### **KOMMUNEN SIN ROLLE/SITT MANDAT:**

Gjennom vassforvaltningsplanen er kommunen, saman med andre etatar/instansar, plikta til å leggje prioriterte miljømål til grunn for si planlegging og verksemd. Kommunen er i dette høve sektormynde for landbruk og avlöp (ansvarsområde).

## TEMAOMRÅDE:

Planen tek inn 15 ulike tema, mellom anna vasskraft/flaumvern, sur nedbør, avlaup, landbruk og vern av drikkevatt. Nokre av desse vert omtalt nærare i høyringsuttalen.

## INNHALD OG OPPBYGNAD:

Planen er bygd opp av tre delar:

- Forvaltningsplan
- Tiltaksprogram
- Handlingsprogram

Vestland vassområde er delt inn i 9 vassområde, der Vaksdal høyrer til «Voss - Osterfjorden vassområde», med eigen vassområdekoordinator. Kvar kommune har administrativ representasjon i vassområdet. I tillegg er ordføraren representert i «Vassområdeutvalet for Voss- Osterfjorden vassområde». Frå og med 2021 er Vaksdal kommune med å delfinansierer drifta av utvalet.

Kunnskapsgrunnlaget som planen byggjer på, er presentert i den nasjonale databasen «Vann-nett», [www.vann-nett.no](http://www.vann-nett.no), inndelt etter kommunar, med oppstilling av «alle» vassførekomstane i kvar kommune. Vurdering av miljøtilstand, påverknad og behov for miljøfremjande tiltak, går fram her.

## PÅVERKNADSAKTORAR – HOVUDUTFORDRINGAR OG PRIORITERINGAR

Planen listar opp dei viktigaste påverknadsfaktorane på vassmiljøet/vasskvaliteten:

- Fysiske inngrep; *vasskraftutbygging, kanalisering, ulike former for arealbruk m.m.*
- Ytre/menneskeleg påverknad: *sur nedbør, miljøgifter, oppdrettsfisk, landbruk, avløp/sanitære forhold mm.*
- Klimaendringar.

## TILSTANDEN FOR VASSFØREKOMSTANE:

På bakgrunn av kunnskapsgrunnlaget i «Vann-nett», brukar planen følgjande inndeling av tilstand:

- Økologisk tilstand: *Svært god, god, moderat, dårleg og svært dårleg.*
- Kjemisk tilstand: *God og ikkje god.*

## MÅLSETJINGAR/MILJØMÅL:

Vassforskrifta set krav om minst god økologisk og kjemisk tilstand for alle vassførekomstane innan 2027. I dette høvet skal kommunen og andre aktørar, ut frå sine ansvarsområde, gjennomføre tiltak som hevar tilstanden og kvaliteten for prioriterte vassførekomstar.

## PRIORITERTE TILTAK I PLANEN:

Planen nemner følgjande tiltak som dei viktigaste for å betre vassmiljøet:

- Redusere ureining frå industri, landbruk og avlaup.
- Betre dei fysiske levevilkåra i vassdrag for fisk og anna biologisk mangfald;
  1. *utbetre leveområde ved t.d. å fjerne vandringshinder og betre gyte/oppvekstforhold.*
  2. *betre vassføringsregimet i regulerte vassdrag.*
- Redusere biologisk påverknad frå akvakultur på villfisk av laks og sjøaure ved å:
  1. *reducere omfanget av lakselus.*
  2. *reducere rømming og genetisk påverknad.*

## OVERVAKING – STYRKJE KUNNSKAPSGRUNNLAGET

Planen peikar på overvaking og kunnskapsinnhenting som viktig for å styrkje avgjerdsgrunnlaget for vassforvaltninga. I Vaksdal er det mellom anna oppretta overvaking av vassmiljøet i Eksingedalsvassdraget og for drikkevasskjeldene.

## **Formelt grunnlag**

«Forskrift om rammer for vannforvaltningen» («vassforskrifta»), med heimel i forureiningslova, plan- og bygningslova, vassressurslova og naturmangfaldlova.

## **Vurdering og konsekvensar**

### Generelle retningslinjer for arealplanlegging etter PBL og «vassforskrifta»

For å unngå svekking av miljøtilstanden i vatn og medverke til at fastsette mål i vassforvaltningsplanen vert nådde, er det utarbeidd generelle retningslinjer for arealplanlegging etter PBL og «vassforskrifta», jf pkt. 1.1.3 i planen. Føremålet med retningslinjene er å nå ei heilskapleg vassforvaltning ved å inkludere vatn på eit tidleg stadium i kommunen si samfunns- og arealplanlegging. Retningslinjene skal vere førande for planarbeid etter PBL, og kommunen har som sektor- og arealmynde, eit sjølvstendig ansvar for å følgje opp «vassforskrifta». I dette høvet er det venta at kommunane i Vestland vassregion brukar retningslinjene, og innarbeider dei i arbeidet med lokal arealplanlegging.

Utdrag frå retningslinjene:

1. Generelt:
  - 1.1. - I «100-meterbeltet langs sjø og langs vassdrag skal det takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre ålmenne interesser (PBL § 1-8, første ledd).
- 1.2/ Regional plan og statlege planretningslinjer skal leggjast til grunn for kommunal
  - 1.3 planlegging.
2. Vassmiljø
  - 2.1 – Kommunale planar skal setje restriksjonar i arealbruken for å ta vare på naturmiljøet i og langs vassdrag, innsjøar, fjordar og sjøområde.
  - 2.2 – Elvar og bekkar skal som regel ikkje lukkast, og skal mest mogeleg takast vare på i sin opprinnelege form.
3. Naturfare og klimatilpassing
  - 3.1 Arealplanlegging bør i størst mogeleg grad styre arealutviklinga slik at utbygging ikkje vert lagt til område med flaum eller havnivåstigning.

Handlingsprogram listar opp kva aktivitetar kommunen har hovudansvar for (saman med andre):

- Implementere regional vassforvaltningsplan i kommunale planar og planoppgåver.
- Leggje regional plan til grunn for eiga verksemd.
- Gjennomføre eigne tiltak i tiltaksprogrammet.
- Rapportere ved avvik.
- Oppdatering i «Vann-nett» kring status for gjennomføring av tiltak.
- Klargjere økonomiske og juridiske verkemidlar, og vurdere trongen for nye.
- Halde/delta på møte i vassområdeutvala.
- Sørgje for medverknad frå ålmenne interessegrupper.

### Status i Vaksdal kommune – kjelde «Vann-nett»




REGISTRERTE VASSFØREKOMSTAR:

Type	Tal	SMVF (sterkt påverka)	Størrelse
Kyst	8	0	111 km
Grunnvatn	4	0	3 km <sup>3</sup>
Innsjø	33	20	26 km <sup>2</sup>
Elv	138	43	2635 km
Totalt	183	63	

ØKOLOGISKE MILJØMÅL FOR ALT OVERFLATEVATN:

Miljømål	Tal	Oppnår miljømåla
Svært god	2	1
God	161	63
Moderat	6	6
Dårleg	10	10
Svært dårleg	0	0

ØKOLOGISK TILSTAND FOR ALT OVERFLATEVATN

	TILSTAND	ANTALL	%
	<b>Svært god</b>	<b>1</b>	<b>0.9</b>
	<b>God</b>	<b>38</b>	<b>32.8</b>
	<b>Moderat</b>	<b>77</b>	<b>66.4</b>
	<b>Alle</b>	<b>116</b>	<b>100.0</b>

ØKOLOGISKE POTENSIAL FOR ALT OVERFLATEVATN:

	TILSTAND	ANTALL	%
	<b>God</b>	<b>8</b>	<b>12.7</b>
	<b>Moderat</b>	<b>35</b>	<b>55.6</b>
	<b>Dårlig</b>	<b>20</b>	<b>31.7</b>
	<b>Alle</b>	<b>63</b>	<b>100.0</b>

## Hovudutfordringar og prioriteringar

Vassforvaltningsplanen (kapittel 2) og tiltaksprogrammet tek for seg hovudutfordringar og prioriteringar for vassregionen i komande planperiode, fordelt på dei ulike saksområda. Utdrag av prioriteringar er:

- AREALBRUK:
  - *Miljømål for vatnet vårt skal vere integrert i arealplanlegging og kommunale planar.*
- VASSKRAFT:
  - *Innføre standard naturforvaltningsvilkår i alle regulerte vassdrag.*
  - *Det er behov for å betre miljøtilstanden i dei sterkt modifiserte/påverka vassdraga.*
- AVLAUP:
  - *Kommunane skal kartleggje anlegg og gjennomføre tilsyn og gje pålegg om utbetringar der anlegga ikkje reinskar i tråd med krava.*
  - *Anlegg i nedbørsfelt til vassførekomstar som ikkje når miljømåla og/eller har viktige brukarinteresser, skal prioriterast først.*
- LANDBRUK:
  - *Gjennom rådgiving skal kommunane og Statsforvaltaren medverke til at bøndene tek i bruk friviljuge tiltak som reduserer tap av næringsstoff og jordpartiklar til vassførekomstar.*
  - *Kommunen skal bruke sin heimel etter gjødselvareforskrifta til å hindre gjødselspreiing om hausten etter siste slått.*
- DRIKKEVATN:
  - *Kommunane registrerer omsynssoner for drikkevatt, og gir informasjon vidare til Miljødirektoratet for innlegging i «Vann-nett».*
  - *Kommunane overvaker vasskvaliteten til råvatnet i drikkevasskjeldene og vurderer om kvaliteten er tilfredsstillande.*
- AKVAKULTUR:
  - *Det er eit mål å redusere påverknaden frå lakselus på lakse- og sjøaurebestandane vesentleg.*

Ulike påverknadstypar på vassførekomstane i Vaksdal kommune, går fram av figuren nedanfor. Lys farge er liten og mørk farge er stor påverknad.



### Nærare om dei ulike temaområda (utval)

Under vert det gjeve ei nærare omtale av utvalde temaområde i høve til hovudutfordringane i planen.

#### · VASSKRAFT OG ANDRE VASSDRAGSINNGREP:

Planen presenterer kraftregulering som ein av dei største påverknadsfaktorane, der Eksingedalsvassdraget og Bergsdalsvassdraget er trekt fram som to sterkt påverka/modifiserte vassdrag, med behov for betre miljøtilstand.

Planen nemner at revisjon av konsesjonsvilkåra er sett i gong i desse vassdraga. Kommunen er ikkje mynde i slike saker, men er høyringspart og har ein lokal rolle som tilretteleggjar og koordinator i revisjonsprosessar, spesielt ovanfor lokale interesser.

Vilkårsrevisjonane for dei to store vassdraga (med sideløp) har som formål å revidere konsesjonsvilkåra med tanke på miljøtilstand i vassdraga. Målet er å betre miljøforholda i regulerte vassdrag. For Vaksdal kommune er det naturleg å sjå dei pågåande revisjonane i samanheng med regional plan for vassforvaltning.

Av andre vassdragsinngrep nemner planen kanalisering, bekkelukking, masseuttak og fjerning av kantvegetasjon. Planen seier at det er behov for at kommunane tek eit sterkare grep i arbeidet med å «beskytte» vassførekomstane mot nye inngrep, mellom anna gjennom planverktøy og arealplanlegging. I Vaksdal er det mange små sidevassdrag og bekkar langs hovudstrengane, og det har oppstått hendingar som overfløyning, erosjon og liknande. Det skal ein vere medviten på ved kommunal sakshandsaming.

#### · AVLAUP:

Planen peikar på utslepp av næringssalt (nitrogen og fosfor) frå avlaup til ulike vassresipientar som problemstilling, mellom anna til sjø/fjord, som i Vaksdal kommune. Kommunal planlegging og reinsking av avlaupsvatnet vert nemnd som sentrale tiltak. Her går det fram at Vaksdal kommune lager ny plan for vatn, avlaup og vassmiljø, som grunnlag for prioritering av tiltak framover. Planarbeidet er teke inn som prioriterte tiltak i «Vannnett».

#### · LANDBRUK:

Det går fram at jordbruket er blant dei fire største påverknadsfaktorane på vassmiljøet i

Vestland vassregion, med tap av næringsstoff frå jordbruksareala gjennom overflate-avrenning, grøfter, sigevatn og punktutslipp. I tillegg spelar spreingstidspunkt og spreings-praksis for husdyrgjødsel inn.

I Vaksdal kommune er Eksingedalen og Bergsdalselva mest utsette for avrenning frå jordbruket, spesielt knytt til terskelbassenga. Overvaking viser moderat påverknad. Nylege registreringar viser at vasskvaliteten relativt sett er bra, utan svekking av kvaliteten samanlikna med tidlegare.

Ved vurdering av tilstand og påverknadsgrad, må ein ta med at vasskraftregulering har ført til at dei nemnde vassdraga er sterkt utsette for ytre påverknad grunna reguleringa.

I «Vann-nett» er det prioritert tiltak for å redusere avrenning frå jordbruket, og kommunen legg opp til å bruke tilgjengeleg miljøverkemidlar aktivt, som RMP- og SMIL-ordningane.

Vaksdal kommune har lokal forskrift om spreing av husdyrgjødsel etter ordinær spreiefrist, og vurderer vidareføring av denne i justert form. Dette kan bryte med planen sitt utgangspunkt om å ikkje spreie gjødsel om hausten etter siste slått.

- **DRIKKEVATN:**

Kommunane har ansvar for å «beskytte» drikkevatnet, mellom anna ved å etablere omsynssoner i arealplanar og å fastsetje restriksjonar knytt til desse sonene, i tillegg til overvaking. Situasjonen for drikkevatn i Vaksdal kommune er generelt sett bra, og kommunen har investert store midlar i å opprette gode kjelder. Det er eldre grunnvass-brønner på Dalegarden og nytt grunnvassanlegg i Sædalen, med sikringssoner og jamleg

overvaking av vasskvaliteten. I tillegg vert det arbeidd med nytt høgdebasseng på Myster, og drikkevatn vil stå sentralt i ny plan for vatn og avlaup. Desse tiltaka er i samsvar med planen.

- **AKVAKULTUR:**

I følge planen er mange av lakse- og sjøaurebestandane i Vestland negativt påverka av lakselus og rømt oppdrettsfisk, sjå registreringar i «Vann-nett» for vassdraga. Målet i planen er å redusere påverknaden frå desse faktorane vesentleg, og for Vaksdal kommune sin del, gjeld problematikken Daleelva og Ekso. Tettleiken av oppdrettsverksemd er stor i Osterøy-bassenget, og det vert gjort mykje lokalt arbeid i vassdraga for å bøte på problemet. Vaksdal kommune tek omsyn til problematikken ved avsetjing av arealføremål i kommuneplanen sin arealdel. Det er starta opp arbeid med interkommunal plan for sjøareala i regionen.

- **SUR NEDBØR:**

Sur nedbør er framleis eit problem i enkelte vassdrag. Den lakseførande delen av Ekso vert kalka av omsyn til laks, med biologisk og kjemisk overvaksingsprogram i vassdraget.

- **KUNNSKAPSGRUNNLAGET**

Forvaltningsplanen seier at det er behov for betre data- og avgjerdsgrunnlag innan dei fleste temaområda/påverknadane. Målet er å styrkje dette grunnlaget, gjennomføre årlege oppdateringar og å inngå økonomisk samarbeid om å styrkje kunnskapsgrunnlaget. Vaksdal kommune har overvaksingsprogram for fleire temaområde, og ønskjer å utvikle dette ved



behov.

### Tiltaksprogrammet

Tiltaka som er tekne inn i «Vann-nett» etter innmelding frå Vaksdal kommune, går fram av tabellen under (*cursivskrift – førre planperiode*).

Tiltak	Tiltakstyp e	Kommentar	Påverknad	Planperiod e	Status
<i>Daleleva, buedam, tiltak mot avrenning frå tettstad</i>	<i>Løyve</i>	<i>Utslepp sanitær. Ansvar kommune</i>	<i>Diffus avrenning</i>	<i>2016-2021</i>	Starta/ gjennomfør t
<i>Dalelevva, utløp, tiltak mot avrenning frå tettstad</i>	<i>Løyve</i>	<i>Utslepp sanitær. Ansvar kommune</i>	<i>Diffus avrenning</i>	<i>2016-2022</i>	Starta/ gjennomfør t
<i>Dalelva, buedam, tiltak utslepp frå industri</i>	<i>Tilsyn og oppfølgin g</i>	<i>Ansvar komune</i>		<i>2016-2022</i>	
<i>Daleleva, tiltak utslepp frå industri</i>	<i>Tilsyn og oppfølgin g</i>	<i>Ansvar kommune</i>		<i>2016-2022</i>	
Kartlegging og utbetring av spredde avløp.	Kart og planleggin g	Ny plan for vatn, avlaup og vasskvalitet.	Næringstils i g	2022-2027	Under arbeid
Minirensanlegg, Geitabakken	Nytt bygg med VVS	Redusere utslepp/tilsig til Sjampobekken. Ansvar: kommune	Næringstils i g	2022-2027	Under planlegging
Utvida gjødsellager, Eksingedalen	Nytt lager	Tilpasse husdyrproduksjo n og lagerkapasitet	Næringstils i g	2022-2027	Foreslått
Miljøvenleg gjødselspreiing, Eksingedalsvassdrag et	Stripe- spreiing nedleggin g husdyr- gjødsel	Innkjøp av spreie-utstyr i regi av gardbruker. Friviljug gardbrukar	Nærningstils i g	2022-2027	Forslått
Miljøvenleg gjødselspreiing, Bergsdalsvassdraget	Stripe- spreiing, nedleggin g	Innkjøp av spreie-utstyr i regi av gardbruker. Friviljug gardbrukar	Næringstils i g	2020-2027	Foreslått

Døme på tiltak i regi av andre for perioden 2022-2027:

- Fjerning av flotgras og krypsiv i Eksingedalsvassdragsområdet grunna redusert vassføring. Ansvar: BKK, lokalt samarbeid.
- Fjerning av flotgras og krypsiv i Eksingedalekrypsiv, Grøndalselvi, grunna redusert vassføring

Ansvar: BKK, lokalt samarbeid.

- Miljøavtale og kunnskapsinnhenting Bergsdalselva.
- Ekso, kalking. Ansvar: Miljødirektoratet og Statsforvaltar. Lokal administrasjon; kommunen.